

Stort & Smått

Organ for Velledalen IL – nr 5,2008



Besseggen. Trimgruppa i VIL har gjort det til ein vane å leggje ut på stortur annakvart år. Helga 22.-24. august skal ein stad mellom 20-30 personar gå Besseggen. Vi ynskjer dei lokale fjellvandrarene retteleg god tur – og ikkje minst; godt vær på turen.

Jordmormarsjen. Tre av 160 deltakarar i Jordmormarsjen i Norddal kommune kom frå Velledalen. Dei tre var Hans Olof Holmberg, Anita Holmberg og Nina Eklund. Marsjen har ulike startpunkt alt etter kor langt ein ynskjer gå. Endepunktet er Muldal, 490 meter over havet. Årets marsj var den sjette i rekkja.

Bård sykklar. Bård Per Erstad, som har passert 65 år, deltok i Sykkylvsrittet sist helg. Han gjorde unna tempodelen ("rundt fjorden" med start og mål ved Vestlandske, Ekornes) på tida 28.13. Vi nemner òg at Per Steinar Linga, relativt nybakt pappa, tok andreplass i klasse 30-39 år både i temporitte og i landevegsrittet. Ole Johnny Myrseth, habil sjølvpinar som har representert laget vårt i langrenn, tok andreplass i landevegsrittet av utøvarane som nytta terrengsykkel.

Hilde spring. Hilde Riksheim Tandstad samla poeng for Velledalen IL då ho sist helg deltok i kretscupen i friidrett på Straumsnes på Nordmøre. Hilde tok fjerdeplassen både på 800 meter og 1500 meter. Hilde har no flytta til Tingvoll (Tingvoll vidaregåande skule) der ho vil få svært kompetente lærarar med tanke ei vidare utvikling på friidrettsbana. Tøff satsing, og VIL ynskjer lukke til!

På Dalemyra. Murane er no på plass, og om ikkje lenge skal Normarkbrakka på plass. Komiteen som har brukt deler av ferien på jobben: Kai Skylstad (VRF), Odd Kåre Fet (VRF), Paul Hole (VRF), Johan S. Grebstad (VIL), Oddbjørn Velle (VIL) og Einar Fet (VIL). Karane har gjort ein glimrande jobb. Det nye bygget skal mellom anna innehalde ny stadionkiosk.

Start spurten. Vi minner om at det no er om lag 35 dagar att til idrettslaget sine trimbøker (tolv postar) vert skifta ut.

Seniorfotballen slit. Vi registrerer at Sunnmøre Fotballkrets melder at laget vårt, FKS, har fått 5000 kroner i bot (3000 for å ha trekt juniorlaget og 2000 for ikkje å ha møtt til ein kamp mot Aksla). Verre er det at laget slit for å overleve både i 3.divisjon og i 5 div.

Då går det langt betre med dalatausa Laila Ødegård i Stabæk, som synest halde stø kurs mot seriegullet i tippeligaen.

Kjell C. Brunstad til minne. Kjell kom frå ein idrettsaktiv familie der brørne Ole og Jon begge hadde år som leiarar i VIL. I sine yngre dagar var Kjell aktiv på fotballbana (sterk back) og i springing (rask stafettløpar på korte distansar). På sine eldre dagar vart han råka av hesteskokastar-basillen. Der var han mellom dei ivrigaste. Så lenge helsa heldt var levande oppteken av idrettslaget og VRF sitt "ve og vell". Vi lyser fred over Kjell C Brunstad sitt minne.

På velledalen.net kan ein lese om Nils, Håkon og Stian sine prestasjonar i Skåla Opp. Vi nyttar òg høve til å gratulere nygifte Stian Mork med hans Paulina!

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.